



Notat

Dato: 19.04.2017
Arkivsak: 2014/10180-15
Saksbehandlar: tonnils1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland per 31.03.2017

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket.

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2017 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen, Bergen kommune, Odda kommune, UH-sektoren, NCE Maritime CleanTech og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gjeve tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 23.februar 2017.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikta har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

- B-1:Hovedstrategi 1: Entreprenørskap og innovasjon
- B-2: Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse
- B-3: Hovedstrategi 3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling
- B-4: Bransjeretta tiltak
- B-5: Klimarettatiltak
- B-6: Øyremerkte midlar til program
- B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Vidare er prosjekt som har fått støtte frå budsjettpost D i HNN tatt med, som gjeld *Omstilling og nyskaping*. Dette er søkbare midlar som er utlyst og øyremerka omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar. Omstillingsutvalet i Hordaland er styringsgruppe for midlane som er sett av til omstilling.

Tabellen for «samla tal for 2016 fordelt på innsatsområde i 2017» syner òg tildelinga frå budsjettpost C i HNH, Regionale etablererfond. Fordelinga mellom regionane er synleggjort i teksten under tabellen.

Denne oversikta med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B, C og D i HNH, blir gjeve som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn løyvd sidan førre oversikt.
- Tabell med samla tal for 2017 fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gjeve til fylkesutvalsmøtet 15.01.2017 med ei oversikt fram til 31.12.2016. Denne oversikta syner utviklinga frå 01.01.2017 til 31.03.2017.

Prosjekt handsama i perioden 01.Januar til 31.Mars 2017:

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
180-2016	Norwegian Travel Workshop utviklingsprosjekt	Bergen Reiselivslag	B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon	7 500 000	300 000
014-2017	Støtte til Hordalands internasjoniseringspris "Villsauen" 2015-2017	Bergen Næringsråd	B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon	150 000	150 000
013-2017	Blue Future/ Blått kompetansesenter vest	Austevoll kommune	B-2: Relevant kompetanse	1 200 000	550 000
009-2017	Maritime Bergen Law Summer Programme	Stiftelsen Bergen Maritime	B-2: Relevant kompetanse	1 834 000	250 000
016-2017	Ferdigstilling og videreutvikling av SIM Subsea	Høgskulen på Vestlandet	B-2: Relevant kompetanse	1 200 000	400 000
029-2017	Agronomutdanning for voksne Vg3 2017-18 HNH	Stend vidaregåande skule	B-2: Relevant kompetanse	360 624	120 000
034-2017	Agronomutdanning for voksne Vg2 2017-18 HNH	Stend vidaregåande skule	B-2: Relevant kompetanse	360 624	120 000
019-2017	Samfunnsnyttig bruk av tunnelmassar	Osterøy kommune	B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	650 000	250 000
001-2017	Revitalisering av Tysse	Samnanger kommune	B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	253 351	126 500
012-2017	Reiseliv heile året i Hardanger-forprosjekt 2017	Reisemål Destination Hardanger Fjord AS	B-4: Bransjeretta tiltak	325 000	90 000
026-2017	MøteplassA-fase 2	Athens	D: Omstilling	860 000	380 000

018-2017	Omstilling i petroleumsindustrien i Hordaland	Connect vest-Norge	D: Omstilling	1 053 000	1 053 000
017-2017	Bedrift i omstilling og vekst	Innovasjon Norge	D: Omstilling	2 365 000	2 365 000
Totalt	13 tilsegn			18 111 599	6 146 000

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde 2017:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	2	7 650 000	450 000
B-2:	Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	5	4 955 248	1 440 000
B-3:	Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	2	903 351	376 500
B-4:	Bransjeretta tiltak	1	325 000	90 000
B-5:	Klimaretta tiltak	0		
B-6:	Øyremerkte midlar til program	0		
B-7:	Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	0		
D:	Omstilling 2017	3	4 278 000	3 798 000
C:	Regionale næringsfond	3	4 000 000	4 000 000
	Totalt:	16	22 111 599	10 154 500

Kommentar:

Det er i perioden gjeve tilsegn til totalt 16 prosjekt og tiltak med ei samla kostnadsramme på vel 30 millionar kroner. Fylkeskommunen sin finansieringsdel er vel 34 %.

Tabellane syner at det er store skilnader i fylkeskommunen sin finansieringsdel i dei ulike tiltaka. I somme av prosjekta er me inne med ein finansieringsdel på 30% eller meir, medan i andre prosjekt er vår finansieringsdel særst låg og syner at sjølv med låge finansieringsdelar utløyser me til dels store prosjekt og tiltak.

I to av omstillingsprosjekta er vår finansieringsdel 100%, men desse er som ei rammeoverføring til Innovasjon noreg og Connect Vest å rekne, og skal styrke bedrifter sine omstillingsevner gjennom målretta aktivitetar.

Midlar frå C, Regionale etablererfond, er løyvd til Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og dei forvaltar midlane på vegne av fylkeskommunen. Midlane er delt slik mellom regionråda:

- Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Forvaltar for kommunane i Hordaland utanom Hardanger og Sunnhordland) kr: 2 624 000
- Hardangerrådet kr 584 000
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland kr: 792 000

HNH vart først vedteke 23. februar, og marknadsføringa av midlane byrja difor noko seint i kvartalet. I tråd med forvaltingsrevisjonen som vart gjennomført for regionale utviklingsmidlar i 2016, har ein freista å nå breitt ut med informasjon om støttemoglegheitene, og det er venta at søknadsmengda aukar monaleg utover våren.

Norwegian Travel Workshop utviklingsprosjekt

Tilsegn-180-2016

Hordaland og Bergen skal vere vertskap for Norwegian Travel Workshop og MICE Norway i 2017. Arrangementa skal presentere norske reiselivskonsept og produkt på internasjonale kundar.

Totale prosjektkostnader: kr 7 500 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen Reiselivslag og partnere:	kr 990 000
Bergen Reiselivslag og partnere timer:	kr 540 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Overordnet Innovasjon Norge og alle deltagerne:	kr 5 670 000

Prosjektstart: 01.01.2017.

Prosjektslutt: 31.05.2017.

Prosjekteigar:

Bergen Reiselivslag

Prosjektleder:

Ole Warberg, ole@visitBergen.com

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Norwegian Travel Workshop er det største arrangementet for norsk samla reiselivsbransje, og gir lokale tilbydarar av reiselivsprodukt høve til å komme i direkte kontakt med beslutningstakarar frå turoperatørar frå heile verda. Arrangørstaden har høve til å setje sitt preg på arrangementet. Ved arrangementet i Bergen i 2017 ynskjer Destinasjonsselskapa i Hordaland å samla setje sitt preg på arrangementet gjennom å vise fram samla mat- kultur og naturtilbod. Dette er unikt i høve til tilsvarande arrangement.

Tilsegnsdato: 10.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-1: Entreprenørskap og innovasjon 550.64

Innsatsområde: 4.4 B-4: Reiseliv

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Støtte til Hordalands internasjoniseringspris "Villsauen" 2015-2017

Tilsegn-014-2017

Hordalands internasjoniseringspris "Villsauen" er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen Næringsråd og Hordaland fylkeskommune. Prisen vert delt ut årleg til ein person eller ei bedrift i Hordaland som gjennom aktivt, profesjonelt og målretta arbeid har etablert seg som eksportør og/eller har medverka til å promotera næringslivet i Hordaland internasjonalt.

Totale prosjektkostnader: kr 150 000

Finansieringsplan for prosjektet:

HNH 2017:	kr 150 000
-----------	------------

Prosjektstart: 13.11.2015.

Prosjektslutt: 17.11.2017.

Prosjekteigar:

Bergen Næringsråd

Prosjektleder:

Stig Ryland, stig@bergen-chamber.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Initiativtakarane, Hordaland fylkeskommune og Bergen Næringsråd, ønskjer med prisen å bidra til å styrkja og å auka interessa for eksportretta arbeid i regionen. Prisivinnaren må mellom anna dela sine erfaringar med andre eksportørar gjennom eit foredrag på eit medlemsmøte i regi av Bergen Næringsråd. Eit av innsatsområda i Handlingsprogram for næringsutvikling er å medverka til at bedrifter i heile verdiskapingskjeda kan lukkast internasjonalt gjennom auka marknadskompetanse og auka internasjonal kompetanse generelt. Ved å applaudera dei som har lukkast, bidrar vi til eit auka fokus.

Tilsegnsdato: 10.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1: (FUV 2017) Meir entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: 1.4 B-1: Internasjonisering

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Blue Future / Blått kompetansesenter vest

Tilsegn-013-2017

Prosjektet skal kople næringsliv, forskingsmiljø, fag- og kunnskapsmiljø i Austevoll og i regionen, for å leggje til rette for etablering og utvikling av bedrifter i eit innovasjons- og kommersialiseringsmiljø - primært innafor havrommet.

Totale prosjektkostnader: kr 1 200 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Austevoll kommune:	kr 200 000
Eigeinnsats Austevoll kommune:	kr 200 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 550 000
Havforskningsinstituttet:	kr 100 000
Næringsliv:	kr 150 000

Prosjektstart: 01.01.2017.

Prosjektslutt: 30.06.2018.

Prosjekteigar:

Austevoll kommune

Prosjektleder:

John Tveit, john.tveit@austevoll.kommune.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Hovudmålet i prosjektet er å leggje til rette for framtidig blå vekst og verdiskaping.

Fase 1, forprosjektet, hadde oppstart 3. mars 2014. Prosjekteigar var Austevoll Næringsråd. Sluttrapporten vart lagt fram 1. september 2015. Styringsgruppa for forprosjektet haldt fram etter at rapporten var framlagt, og tilrådde at Austevoll kommune overtok prosjektansvaret for fase 2. I møte 16. juni 2016 vedtok Austevoll kommunestyre å overta prosjektansvaret.

Fase 2 av prosjektet handlar om etablering av ein driftsorganisasjon, å avklare kva aktørar som skal inngå i klynga, prosjektering av bygningar, og å tilrå finansieringsopplegg.

Prosjektet vil organiseres i ein driftsorganisasjon med hovudfokus på blå, bærekraftig vekst og verdiskaping.

Tilsegnsdato: 09.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-2: Relevant kompetanse 550.64

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring og utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Maritime Bergen Law Summer Programme

Tilsegn-009-2017

Stiftinga Maritime Bergen og Det Juridiske fakultet ved UiB har inngått eit samarbeidsprosjekt om ein sommerskule innan maritim rett. Denne sommerskolen skal inngå som eit viktig element i et allereie omfattande og etablert norsk/kinesisk samarbeid med forankring i Bergen.

Totale prosjektkostnader: kr 1 834 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen kommune:	kr 250 000
Bergens Rederiforening:	kr 200 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 250 000
Norwegian Hull Club:	kr 250 000
Senter for internasjonalisering (SIU):	kr 334 000
Sparebanken Vest:	kr 150 000
Stiftelsen Neptun:	kr 400 000

Prosjektstart: 01.02.2017.

Prosjektslutt: 31.10.2019.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Maritime Bergen

Prosjektleder:

Kjersti Soldal Meredith, kjersti@maritimebergen.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,

tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Målet med dette prosjektet er å styrke kompetanse og kontaktnett mot viktige grupper for klyngen, og få myndighetenes oppmerksomhet. Sist, men ikke minst, vil et slikt program bidra til å sette maritim næring og kompetanse fra Bergensregionen på det globale kartet.

Aktiviteter

- Sommerskolen legges opp som et to-ukers program.
- Forelesningene vil bli gitt av ledende forskere innenfor sine fagfelt, og samtidig ønsker vi å trekke på den faglig-juridiske kompetansen som flere av medlemsbedriftene i Maritime Bergen besitter.
- Det vil bli lagt opp til bedriftsbesøk hos enkelte av medlemsbedriftene, og vi ønsker også å gi studentene kulturelle opplevelser som befester inntrykket av Bergen som maritimt kraftsentrum i Europa.
- Den langsiktige ambisjonen er å utvikle et internasjonalt masterprogram i maritim rett (LL.M.). Dette skal være en fellesgrad sammen med europeiske og kinesiske universiteter, der studentene tar deler av graden i Bergen, og gis mulighet til å komme tett på den maritime næringen i regionen.
- Et slikt masterprogram vil typisk ha en varighet på to eller tre semestre. Sommerskolen har en åpenbar egenverdi, men vil selvfølgelig også være en svært viktig rekrutteringsarena til masterprogrammet.

Tilsegnsdato: 24.01.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-2: Relevant kompetanse 553.60

Innsatsområde: 4.2 B-4: Maritime næringar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Ferdigstilling og videreutvikling av SIM Subsea

Tilsegn-016-2017

SIM Subsea er, og skal være et dataspill i matematikk med virkelighetsnære case fra industrien. Prosjektet startet i 2010, og første pilot skal ferdigstilles våren 2017. SIM Subsea skal anvendes innenfor undervisning både for videregående skoler og i høyere utdanning, nasjonalt og internasjonalt.

Totale prosjektkostnader: kr 1 200 000

Finansieringsplan for prosjektet:

FMC Technologies:	kr 100 000
GCE Subsea:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 400 000
Høgskolen i Bergen:	kr 500 000
NCE Media:	kr 100 000

Prosjektstart: 01.11.2016.

Prosjektlutt: 30.11.2017.

Prosjekteigar:

Høgskulen på Vestlandet

Prosjektleder:

Tone Røkenes, thbr@hvl.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet SIM Subsea er nå i ein fase der spelet skal gjerast ferdig og sendast ut i ungdomsskule og vidaregåande skule som pilotar. Prosjektet skal og utvikle tilpasse spelet slik at det kan brukast i matematikk undervisning på HVL. Prosjektet skal og utvikle ein internasjonal modell. Prosjektet er forankra i HNH ved at det bidreg til å utvikle innhaldet i studietilbodet innan høgare utdanning gjennom samarbeid mellom utdannings-institusjonane og næringslivet. Mot ungdomsskule er prosjektet ein god koppling mellom praktisk og teoretisk kunnskap er sentralt. Samarbeid med næringslivet. Hordaland fylkeskommune skal setja regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.

Tilsegnsdato: 03.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-2: Relevant kompetanse 553.60

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring og utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Agronomutdanning for voksne Vg3 2017-18 HNH

Tilsegn-029-2017

Dei fleste som tek over familiegarden eller går inn i jordbruket gjer det i vaksen alder. Mange av dei har anna utdanning frå før. Rett kompetanse er viktig for å drive garden miljøvennlig og lønsamt. Utdanninga er eit spleiselag mellom Regionalavdelinga, Vaksenopplæringa i Hordaland og RULL-midlar. **Totale prosjektkostnader:** kr 360 624

Finansieringsplan for prosjektet:

Bidrag fra Stend:	kr 624
FUV:	kr 120 000
RULL - midler:	kr 120 000
Tilskudd fra Vaksenopplæring:	kr 120 000

Prosjektstart: 25.08.2017.

Prosjektslutt: 15.06.2018.

Prosjekteigar:

Stend vidaregåande skule

Prosjektleiar:

Erling Kjosås, Erling.Kjosas@hfk.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet er forankra i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH) gjennom hovudstrategi 2 «Fleire med relevant kompetanse». I tillegg er landbruk ein bransje med særskilt fokus i HNH. Innsatsområda innafør landbruket 2017 er å auka lokal matproduksjon, auka produksjon av mjølk og kjøtt i Hordaland, samt utvikling i verdikjeda for frukt. For å kunne auke innsatsen på desse områda er det behov for relevant kompetanse innafør landbruket. Agronomkurs for vaksne bidreg til å gje denne kompetansen. Agronomkurs for vaksne, er eit spleiselag mellom HNH, RULL og vaksenopplæringa.

Tilsegnsdato: 06.04.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-2: (FUV 2017) Relevant kompetanse

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring og utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Agronomutdanning for voksne Vg2 2017-18 - HNH

Tilsegn-034-2017

Dei fleste som tek over familiegarden eller går inn i jordbruket gjer det i vaksen alder. Mange av dei har anna utdanning frå før. Rett kompetanse er viktig for å drive garden miljøvennlig og lønsamt. Utdanninga er eit spleiselag mellom Regionalavdelinga, Vaksenopplæringa i Hordaland og RULL-midlar.

Totale prosjektkostnader: kr 360 248

Finansieringsplan for prosjektet:

Bidrag fra Stend:	kr 248
FUV:	kr 120 000
RULL midler:	kr 120 000
Voksenopplæringsmidler:	kr 120 000

Prosjektstart: 25.08.2017.

Prosjektslutt: 15.06.2018.

Prosjekteigar:

Stend vidaregåande skule

Prosjektleiar:

Erling Kjosås, Erling.Kjosas@hfk.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet er forankra i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH) gjennom hovudstrategi 2 «Fleire med relevant kompetanse». I tillegg er landbruk ein bransje med særskilt fokus i HNH. Innsatsområda innafor landbruket 2017 er å auka lokal matproduksjon, auka produksjon av mjølk og kjøt i Hordaland, samt utvikling i verdikjeda for frukt. For å kunne auke innsatsen på desse områda er det behov for relevant kompetanse innafor landbruket. Agronomkurs for vaksne bidreg til å gje denne kompetansen. Agronomkurs for vaksne, er eit spleiselag mellom HNH, RULL og vaksenopplæringa.

Tilsegnsdato: 06.04.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-2: (FUV 2017) Relevant kompetanse

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring og utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Samfunnsnyttig bruk av tunnelmassar

Tilsegn-019-2017

Realiseringa av ny jernbane og ny E16 (K5) Arna-Stanghelle gir nye moglegheiter, men og utfordringar knytt til td. massehandsaming. Prosjektet gjev overskotsmassar på rundt 20mill m3. K5 prosjektet opnar for endringar og omfordeling i arealbruken i Bergensregionen. Osterøy ligg svært gunstig til på aust-vest-aksen og det er grunn til å vente auka interesse for næringsareal på Osterøy. Kort avstand til Osterøy vil gi gode moglegheiter for kortreiste massar og samfunnsnyttig bruk av desse.

Totale prosjektkostnader: kr 650 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats grunneigarar/utbyggjarar:	kr 200 000
Eigeninnsats/eigne midlar Osterøy kommune:	kr 200 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 250 000

Prosjektstart: 13.03.2017.

Prosjektlutt: 12.12.2017.

Prosjekteigar:

Osterøy kommune

Prosjektleiar:

Laura Ve, laura.ve@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,

tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Det er trong for nye utviklingsareal i Bergensregionen.

Gjennom prosjektet ønskjer Osterøy kommune å bidra med konstruktive innspel både m.o.t. tilgang på utviklings- og næringsareal og på innretning av transportsektoren for å løyse transportbehovet på ein god måte. K5 prosjektet vert ikkje igangsett utan at det er avklart kvar tunnelmassane skal deponerast/nyttast.

I masseplanen kan ein gjennom landskapsanalyser og analyser av infrastruktur vurdere hensiktsmessig lokalisering og samfunnsnyttig bruk av massane til ny utvikling.

Dersom kommunen løyser dette som ein kommunedelplan, vil ein også ha på plass juridisk avklaring i forkant av oppstart av anleggsarbeid når K5 er ferdig regulert.

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling 550.64

Innsatsområde: 3.3 B-3: Regionsenter

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Revitalisering av Tysse

Tilsegn-001-2017

Tysse er det historiske senteret i Samnanger. Då Samnanger Uldvarefabrik vart etablert i 1886 gjekk Tysse frå å vera ein søvning strandstad med eit titals sjeler til ein hektisk industristad og den største bygdebyen i Midthordaland med over 800 innbyggjarar.

Totale prosjektkostnader: kr 253 351

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigenfinansiering:	kr 126 851
Tilskot:	kr 126 500

Prosjektstart: -.

Prosjektslutt: 01.04.2018.

Prosjekteigar:

Samnanger kommune

Prosjektleiar:

Arnved Soldal Lund, arlu@samnanger.kommune.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

I 1930-åra var det seks kolonialbutikker og i tillegg fire kolonial- og kjøt-, manufaktur- eller jernvare, tre kjøtbutikker, ein manufakturforretning, fem bakeri, ein fiskebutikk, tre kafear, eit hotell, eitt pensjonat med kafé, to frisørar, to skomakarar, to bensinstasjonar og eitt meieri på Tysse. I alt var det over 30 butikkar og småverksemdar. Frå omkring 1960 gjekk det raskt med nedleggingar.

I dag er det ein kolonialbutikk, ein frisør og ein jernvare- og byggevareforretning i tillegg til SAFA sine kontor. I mars 2017 flyttar kolonialbutikken til Bjørkheim.

Tysse er òg administrativ kommunesenter i Samnanger. På kommunehuset er den kommunale administrasjonen, NAV og bibliotek. I mars 2017 skal biblioteket flytta til Bjørkheim.

Målet for prosjektet er å revitalisera og styrke Tysse som bygd, samtidig som me ynskjer ei næringsutvikling med fleire bedrifter med større bredde i Samnanger.

Tilsegnsdato: 06.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling 550.64

Innsatsområde: 3.4 B-3: Lokalsamfunnsutvikling

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Reiseliv heile året i Hardanger - forprosjekt 2017

Tilsegn-012-2017

Prosjektet har som mål å skape til tilbod for vinterturisme i Hardanger, og stimulere til ein etterspurnad om dette. Om vinteren vil det være nødvendig å ha fokus på grupper via turoperatør, og ein må finne tilbod som eignar seg for årstida, setje desse saman til ei pakke og teste denne på turoperatørar for å få innspel om endringar som må gjerast. Prosjektet er i høg grad i tråd med å leggje til rette for nye sesongar og dermed auka berekraft i regionen.

Totale prosjektkostnader: kr 325 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats hotellverksemdr:	kr 60 000
Eigneinnsats aktivitetsverksemdr:	kr 60 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 90 000
Reisemål Hardanger Fjord:	kr 115 000

Prosjektstart: 15.02.2017.

Prosjektslutt: 30.11.2017.

Prosjekteigar:

Reisemål Destination Hardanger Fjord AS

Prosjektleiar:

Charlotte Lingener, charlotte@hardangerfjord.com

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Høgsesong/sommarturismen i Hardanger har hattt ein solid vekst dei siste åra, og har tatt marknadsandeler av sommarturismen i Norge. Utfordringa, særleg for hotellnæringa, er dei 7 månadane frå oktober til april. I 7 av årets 12 månader er det få gjestar, og dette prosjektet vil sjå på moglegheiter til å få turoperatørar til å bidra med gjestedøger i denne perioden.

Tilsegnsdato: 07.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-4: Bransjeretta tiltak 550.64

Innsatsområde: 4.4 B-4: Reiseliv

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Omstilling i petroleumsindustrien i Hordaland

Tilsegn-018-2017

Mange bedrifter befinner seg nå i en helt ny situasjon der verdikjeder og rammevilkår er i stor endring. Innovasjon Norge(IN) og Connect Vest(CV) har kombinert sin ekspertise i to prosjekt der Innovasjon Norge først gjennomfører eit kompetansebyggande prosjekt. Så kjem Connect Vest(CV) inn med sine tenester, og tek vidare dei bedriftene som har vore gjennom IN sitt prosjekt.

Totale prosjektkostnader: kr 1 053 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Ekstern ressurstilførsel:	kr 0
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 1 053 000

Prosjektstart: 11.05.2017.

Prosjektlutt: 31.12.2018.

Prosjekteigar:

Connect Vest-Norge

Prosjektleder:

Hege Elvestad, hege.elvestad@connectnorge.org

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Kompetanseprosjektet «Bedrift i omstilling og vekst» vil ha bedrifter innen leverandørindustrien til olje- og gassnæringen som målgruppe for leveransene.

Målet er:

- Styrke, videreutvikle bedrifter i leverandørkjeden til olje- og gassnæringen i fylket, nasjonalt og internasjonalt.
- Stimulere til at nye bedrifter (spinoffs) blir startet som resultat av omstilling i eksisterende
- Bidra til det grønne skiftet og større mangfold i næringslivet i Hordaland fylke.

Tilsegnsdato: 27.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: 553.65 - Omstilling

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Bedrift i omstilling og vekst

Tilsegn-017-2017

Omstilling krever ein ny type strategisk og taktisk arbeid og kompetanse. Innovasjon Norge har ei viktig rolle i omstillinga i vår region og har i dette prosjektet satt saman eit kompetanseutviklande program som løper i 12-18 mnd.

Totale prosjektkostnader: kr 2 365 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 2 365 000
--	--------------

Prosjektstart: 06.03.2017.

Prosjektslutt: 31.08.2018.

Prosjekteigar:

Innovasjon Norge

Prosjektleder:

Gøril Eikeland Selvik, goril.selvik@innovasjonnorge.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet er kompetansebyggende og strekker seg for IN sitt vedkommende over ca 18 mnd, med ulike grad av intensitet.

Programmet inneholder bl.a.:

- Mobilisering
- Strategisk rådgivning
- Innovasjonsmetodikk og bruk av forretningsmodell
- Digitalisering og automatisering
- Internasjonalisering og eksport
- Bærekraft og grønnere forretningsmodeller
- Lean Startup- metodikk
- IPR/beskyttelse av ideer

Tilsegnsdato: 24.02.2017

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: 553.65 - Omstilling

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Omstilling i petroleumsindustrien i Hordaland

Tilsegn-018-2017

Innovasjon Norge og Connect Vest-Norge har i mange år jobbet sammen og utfyller hverandre. Denne søknaden er en del-leveranse til "Søknad om tilskudd til omstilling i petroleumsindustrien i Hordaland" til Innovasjon Norge i Hordaland.

Totale prosjektkostnader: kr 1 053 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Ekstern ressurstilførsel:	kr 0
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 1 053 000

Prosjektstart: 11.05.2017.

Prosjektslutt: 31.12.2018.

Prosjekteigar:

Connect Vest-Norge

Prosjektleder:

Hege Elvestad, hege.elvestad@connectnorge.org

Sakshandsamar:

Torill Monstad,

tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Mange bedrifter befinner seg nå i en helt ny situasjon der verdikjeder og rammevilkår er i stor endring. Dette krever en ny type strategisk og taktisk arbeid og kompetanse. Det som har fungert til nå, fungerer ikke lenger. Det er derfor vanskelig å skulle se for seg vårt omstillingsoppdrag uten en tung satsing på kompetansetiltak, som arbeid med digitalisering, nye og grønnere forretningsmodeller, nye markedsmuligheter nasjonalt og internasjonalt og tilpassing av portefølje til disse markedene. Likevel opplever vi at disse satsingene nå blir kuttet i nasjonale budsjetter.

Vi mener behovet for omstilling av leverandørbedrifter til petroleumssektoren (eller andre bedrifter som er indirekte rammet av nedskjæringene i petroleumssektoren) fortsatt er stor. Leverandørbedriftene har hatt den største sysselsettingsnedgangen siden krisen inntraff. I 2015/16 var det rundt 477 bedrifter i Hordaland med 17.761 ansatte i denne sektoren. Tar man bort offshoreansatte, var det 14.367 ansatte.

Vår oppfatning er at mange sliter med å finne muligheter for en ny framtid i andre bransjer. Vi opplever også en sterkt økende konkurranse i andre bransjer som følge av at bedrifter fra oljesektoren har kommet inn i nye bransjer, f.eks. byggebransjen. Det krever smartere organisering og arbeidsprosesser, og gjerne muligheter for mer samarbeid og fusjoner.

Vår erfaring er at det er en rekke bedrifter som har behov for hurtig og rett kompetanse og nettverk i en krevende omstilling for Vestlandet. Tilførsel av kompetanse gjennom Innovasjon Norge sine ordninger kombinert med Connect sine tjenester er et godt tilbud og representerer et steg i riktig retning for regionen.

Se også vedlegg for tidslinje og arbeidsprosess.

Tilsegnsdato: 27.02.2017

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: 553.65 - Omstilling

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland